

Notat

Til:

Fagavdelinga v/ Ingeborg Aas Ersdal

Frå:

Leiar av regionalt brukarutval Atle Lunde

Dato: 13.02.2025

Arkivref: 2024/968 - 1772/2025

Innspel til årleg melding Helse Vest RHF

Brukarutvalet takkar for mogelegheita til å gje innspel til årleg melding. Det er ein god melding og er foreinleg vår visjon om at alle pasientar skal få helsetenester av høg kvalitet. Det skal vere ein god samhandling der pasientar og pårørande skal medverke til val saman som gjev trygge pasientforløp. Digitale tenester er nødvendig for å møte framtidens utfordringar med knappheit på ressursar. Forsking og innovasjon, særleg klinisk behandling gjev pasient mogelegheit til betre behandling. Kompetanse og tilgjengelege tilsette bidrar til å auke pasientsikkerheit.

I årsmeldinga er det omtalt at ein ikkje har klart kravet om å oppnå ein femten prosent auke i sengekapasitet innan psykiatri. Brukarutvalet saknar ein konkret opptrappingsplan for korleis ein skal kunne oppnå kravet for framtida.

Brukarutvalet opplever at årsmeldinga har lite fokus på habilitering og rehabilitering. Riksrevisjonen kom med rapport i 2024 som underbygger denne påstanden. Brukarutvalet saknar eit avsnitt om Riksrevisjonen og korleis ein vil sørge for at kronisk sjuke pasientar får hjelp som kan gje auka livskvalitet og meistring. Her vil me påpeike at ein i tråd med Helsepersonellkommissjonens rapport kan nyttiggjere seg av lærings og meistringssentre og pasient- og brukarorganisasjonar for å møte denne pasientgruppa.